



ARSMELDING 1993

FOR VALDRESKVELVEN SPEL-OG DANSARLAG.

Årsmøtet for 1992 vart halde på Fossevang Gjestehus 12. mars 1993. Det var møtt fram 27 stk.

Før og etter årsmøtet underhold den yngre garde i laget med fint spel både på fele, torader og langeleik.

1) STYRET.

Leiari: Bjørg S. Berge

Kasserari: Jan Sparstad

Skrivar: Ingrid Grøv

Styremedlemmer: Bjørg Elida Leirhol og Sigrid Eggen

Varamenn: Karin Trøen og Marit Heensåsen

Revisorar: Boye Thorpe og Arne Belsheim

Valnemnd: Steinar Grøv, Gerd Kvam og Kari Bø Wangensteen.

Det har vore halde 5 styremøter.

2) MEDLEMSTAL

Laget hdr hatt 85 medlemmer siste året. Dette er ein auke på 13 frå året før.

3) REPRESENTASJON

Jan Sparstad og leiaren var utsendingar til årsmøtet i Valdres Folkemusikklag.

Laget sende ingen til årsmøtet i LfS som vart halde i Alesund dette året.

Bjørg var på leiarmøte i Valdres Folkemusikklag.

I styret for Vang Musikkråd har leiaren sete, med Kari Hagaseth som varamann.

4) REKRUTTERING

Valdreskvelven har eit godt samarbeid med Vang kommunale musikkskule der mange unge får oppløring på hardingfele, torader, langeleik, sang og dans.

5) TILSKIPINGAR

Den store tilstøllinga i 1993 var Vårfesten på Vennis 28.

mai. Om lag 200 var tilstades på konserten som

Distriktemusikarane hadde hovudansvaret for. I tillegg var

Andris Dahle, Øystein Nicolaisen, Hilde Havro, Ola

Grihamar, Jon Eggen, Yngvild Heensåsen og Valdreskvelven

Rekruttlag med. Etterpå var det dans på Lelnesanden.

Laget var medtilskipar av den årlege mønstringskonserten til Vang musikkråd 7. mai.

6) DELTAKING PÅ KAPPLEIKAR, KONSERTAR O.L.

Dei yngste utøvarane er ivrige deltakarar på Lokalkapleiken og hevdar seg godt. Fløire har delteke på Hilme-stemna og Landskapleiken med gode resultat. Vi vil særleg nemne Hans Ivar Blystad og Tom Kjetil Tørstad og deira store innsats på Landsfestivalen.

Laget deltok på mønstringskonserten på VBU 7. mai og dei yngste var med på julekonsert og avslutningskonsert i musikkskulen.

7) ØKONOMI

Som det vil gå fram av rekneskapen er økonomien i laget god. Det er verd å ta med at Valdreskvølvlen i fjor fekk 15000 kr frå Norges Sang- og Musikkråd til instrumentkjøp.

SLUTTKOMMENTAR

Medlemmer og andre interesserte fortener takk og ros for velvilje og støtte når noko skal arrangerast i laget. Dette gjer arbeidet mykje lettare!

Vang 2. mars 1993 *Z*

Styret